

Gudelæra.

Av E. Schjøtt.

Fyrr verdi vart skapt var det eit tomt rom, *Ginnungagap*. Sunnanfor laag *Muspelheim*; der var det eld og hite, og der raadde *Surt* med det logande sverdet sitt. Nordanfor var *Skoddeheimen*, *Nivlheim*; der er det kulde og myrker og brunnen *Kvergjelme*, og i den bur ein drake, som heiter *Nidhogg*. Fraa brunnen strøymer det kalde eiter-aaer, som møtest med gneistar fraa *Muspelheim*, og av dette vert jøtunen *Yme* skapt og kui *Mudhumbla*. Fraa *Yme* kjem alle jøtnar, risar og rinturfar. *Mudhumbla* sleikte dei salte rimflumparne, og av dette vart *Bure* skapt. Han hadde sonen *Bør*, og han hadde tri søner, *Odin*, *Vile* og *Ve*, som dei kalla *æser*. *Æserne* drap *Yme* og drog liket hans ut i *Ginnungagap* og skapte jordi av kroppen, sjøen av blodet, fjelli av beini og tre-i av haaret og himmelen av skallen, og på den sette dei gneistar fraa *Muspelheim* til stjerner, og dei skapte skyer av heilen. Jøtnarne rømde undan mot nord til *Jötunheim* og *Utgard*. No skapte *æserne* ein mann og ei kvinna, *Asf* og *Embla*, av tvo tre, og bygde aat dei ei borg, *Midgard*, av augnebrunerne hans *Yme*, til aa verja dei mot jøtnarne. *Æserne* sette bu i himmelen i *Alfsgard* og bygde ei bru fraa *Alfsgard* til *Midgard*, som heiter *Biv-rost* (vegen som bivrar, regnbogen). Dei held ting under aski *Yggdrasil*. Det er det gjævaste av alle tre, med grøne greiner uthver all verdi. Det hev tri røter, den eine i brunnen *Kvergjelme*, der draken *Nidhogg* gneg paa roti, den andre i *Jötunheim* i brunnen hans *Mime*; der er det eine auga hans *Odin*, som han sette i pant for aa faa læra visdom av *Mime*. Den tridje roti er i *Alfsgard* i *Urðarbrunnen*. Der bur dei tri *norner*, som raader for lagnaden. Dei heiter *Urð*, *Verdande* og *skuld*. Dei vatnar roti, so treet alltid held seg grønt, elles kom det snart til aa visna, av di *Nidhogg* og mange ormar gneg paa roti, og ein hjort gneg paa toppen, og det rotnar paa sidorne, og treet lid meir vondt, enn menner veit um. Det er eit bilæte paa mannelivet.

Paa *Yggdrasil*¹ heng *Odin* i 9 næter, saara med spjotet og ofra aat seg sjølv, og lærer visdom, skrikande av verk og pina.

Odin er dei største av æserne; han kallast Allfader og Balfader (fader til dei *utvalde*, som skal falla i strid). Han driff kvar dag av brunnen hans *Mime*, og fraa *Lidfsjalv* skodar han ut yver all verdi. Tvo ramnar, *Hugin* og *Munin* (tanke og minne), kjem med bod og tidende til han um alt, som hender. Han hev ein hest, som heiter *Sleipne* og hev aatte føter; han er snøggare enn andre hestar. Spjotet hans heiter *Gungne* og raakar alt, som han slyt etter. Han hev ei stor hall, som heiter *Valhall*. Til honom kjem etter dauden alle dei, som hev livt retteleg.

Tor er son hans Odin. Han ek (køyrer) i ei fjerra med tvo geitebuffar, og difor kallast han *Uketor*. Han er gud for tora (toredun) og ljoneld. Han hev eit styrkebelte, *Megingjord*, som han tek paa seg, naar han treng all si gudemagt, og hamaren *Mjølne*, og slæst med jøtnar og troll og bergar bonden. Til honom kjem trælarnе, naar dei døyr. Han bur i *Trudvang*.

Balder er son til Odin og Frigg, kona hans. Han er god og mild og sfuldlaus. Han bur paa *Breidablik*, og der finst inkje, som er ureint.

Tyr med eine handi er gud for ufred og slaasting.

Heimdall, den hvite aas med gulltenner, bur paa *Siminbjørg* (Himmelborgi) og vaktar paa *Bivrost*. Han er vakare enn fuglen og fer 100 mil og høyrer grasjet grov. Naar jøtnarne kvem, blæs han i *Gjallarhornet*, og daa ljomar det yver heile verdi.

Brage med det sive sffjegget er gud for skaldskap. Naar dei draff sfaali hans i gjestebod, lova dei aa gjera eitkvart storverk.

Hod (uttal: Hdd) er blind og sterk og gud for den blinde lagnaden.

Vidar med jarnsfoen, son hans Odin, er tagall; han er den sterkaste etter Tor. All er ein god sfiløypar og bogeslyttar.

Forsete, son hans Balder, gjer forlik paa jordi og i himmelen.

Nokre av gudarne falla dei *vaner*; dei hadde fyrst ufred med æserne, men vart sidan forlikte med dei. Til vanerne hørde:

Njörd, som raader for vind og sjø. Han bur i *Noatum* utmed sjøen og hev ein son *Frøy*, som bur paa *Allvheim* og raader for regn og solskin. Han sender fred og gode aaringar og gjer ingen mann harm. Han køyrer med galten *Gullinburste* (Gull-bust), som fer baade i luft og yver hav, og siglar med sskipet *sffbladne*, som siglar paa land og hav.

Oge raader for havet. Han er ein jøtun, men ven med æserne.

Nashynjorne (eller kvinne-gudarne) er:

Frigg, som bur i *Fensalerne* eller *Søffvabekk*, kona hans Odin. Siv med gullhaaret er gift med Tor. Nanna, kona hans balder, døyr av sorg, daa Balder vert drepen. Skade er dotter til jøtnen *Tjasse* og gift med Njörd, men dei kann ikkje forlikast. Han bur utmed havet, og ho gjeng paa sfi og veider dyr paa sffjellet. Gjerd er og ei jøtundotter og er

gift med Frøy. Han gav sitt sverd for aa faa ho, og difor er han sverdlaus i den siste striden. Idun, kona hans Brage, gøymmer gull-epli, som gudarne et av for iffje aa eldast. Frøya, systre hans Frøy, raader for elst og kjærleik. Ho fører i ei fjerra med tvo kattar og bur paa *Folkvang*, og fær helviti av kjemporne med Odin. Ho græt gull-taaror for mannen sin, som fór til framande land. Ho kallast *Vanadis* (vane-gudinna). Raan er gift med Oge. Ho hev eit net og fangar sjømenner med.

Balkyrkjorne er skjoldmøyar (møyar som er i herferd), som Odin sender ut i striden til aa velja ut dei, som skal falla. Dei rid gjennom luft og yver hav.

Rvart menneskje hev ei usynleg *fylgja*. *Alvar* bur i lufti og inne i jordi. *Overgjar* bur i bergi og er dugande smedar. *Troll* og *draugar* og mangeslags vette finst det i mengd.

Lofe er av jøtunætt, men fosterbror hans Odin. Han er fager, men vond og ful og gjer mykje vondt for æserne. Med jøtungjenta *Angerboda* hev han tri born: *Fenrisulven*, *Midgardsormen* og *Hel*. Æserne vilde binda *Fenrisulven* med ei snor, men han var rædd, at det var trollskap med snori, so han iffje skulde koma laus att. Daa staff *Tyr* handi i gapet hans, og daa let ulven dei binda seg, men daa han iffje kunde slita seg laus, beit han handi av *Tyr*. *Midgardsormen* ligg rundt omkring jordi og bit seg i sporden. *Hel* bur i *Niflheim*. Dit kjem daadlause og vonde menner etter dauden. Paa *Naadsstrandi* (lifstrandi) langt fraa soli stend ein sal; eiterdropar fell ned gjennom ljoren, og ormeryggjer vind seg um salen. Dei som hev svore meineid eller myrda eller loffa annan manns kona, vassar der i tunge straumar.

Jøtnen *Trym* hev stole *Tors-hammaren* og vil iffje gjeva han att, utan at han fær *Frøya* til kona. Lofe raader *Tor* til aa klæda seg ut som *Frøya*, og dei fører til *Jøtunheim*, og jøtnarne ber inn hamaren; men daa *Tor* fær att *Mjølne*, drep han *Trym* og mange jøtnar. *Soleis* hjelper Lofe *Tor* til hamaren sin, men med synd og svik. Snart fær vondskapen magt. *Balder* drøymmer, at det er faare for livet hans, og daa tek *Frigg* eid av alle ting paa, at dei iffje skal skada *Balder*, men ho tek iffje eid av *mistelteinen*, daa ho tykte han var for ung til aa sverja. Æserne skaut for moro etter *Balder*, men ingenting skadde han. Daa gjeff Lofe etter *mistelteinen* og gav han til den blinde *Hod* og bad han skjota. Daa fall *Balder* daud ned. *Frigg* sende *Hermod* til *Hel* og bad ho senda *Balder* upp att, og det lova ho, um alle ting i verdi vilde graata for *Balder*. Daa gret alle ting i verdi so nær som ei trollkjering; men den trollkjeringi var Lofe².

Æserne hemnde seg paa Lofe; dei batt han med tarmarne til son hans yver tri kvasse steinar og hengde ein orm yver andlitet hans, og

eiteren dryp ned paa han. Sighn, fona hans, held ein kopp under, men kvar gong koppen var full og ho slær han ut, dryp det i andlitet hans. Soleis ligg han til *Ragnarok* (gudedauden, domedag).

Naar den gode Valder er burte, tek det vonde yverhand i himmelen og paa jordi. Brøder slæst, til dei døyr, det er hardt i verdi, horing og dreping, det er økfe-tid og sverd-tid, og skjoldar fløyvest, og daa er enden nær. Daa kjem den lange vinteren, *Fimbul-vinteren*, det fyt fraa alle fantar, og det frys og blæs, og soli fær ikkje skina tri vintrar paa rad, og ingen sumar er imillom. Yggdrasil skjels og jordi rister, og fjelli ramlar ned. No kjem Lofe og Fenrisulven lause, og Midgardformen vrid seg i jøtun-sinne og sym i land. Skipet *Naglfar* siglar ut med heile jøtunheren, og Lofe med heile flokken fra Hel stemner yver havet, og surt med si fylking kjem sunnantil med logande sverd. Alle stemner dei til den store fletta, *Vigrid*, der skal striden standa. No blæs Heimdall i Gjallarhornet, og gudarne rid ned yver Bivrost til striden. Odin rid fyre, men Fenrisulven gløyper han. Vidar hemner Odin og riv upp kjeften paa ulven. Frøy gjeng mot Surt, men med di han hev felt sverdet sitt, er han vaapnlaus og fell, Lofe og Heimdall drep kvarandre. Tor drep Midgardformen, og gjeng ni steg fraa den vonde eiterormen, so døyr han sjølv. Daa svartnar soli, stjernerne kjem burt, jordi sig ned i haet, Yggdrasil brenn, og logarne leifar mot himmelen.

Men ei ny jord kjem upp or havet med fosfar og fjell. Æserne møteft paa *Idavollen* og finn i graset dei underfulle gull-brickor, som dei hadde aatt i livsens morgon, og spelar med dei; aafarne veks usaadde, alt det vonde høyrer upp, og Valder kjem att. Ein mann og ei kvinna, *Liv* og *Livtrafe*, hev gøymt seg i Yggdrasil, daa verdi brann, og havt morgondoggi til mat; fraa dei kjem ei ny manne-ætt. Alle dei gode skal bu i *Gimle*, som er taft med gull og fagrare enn soli, og der skal dei njota æveleg gleda. Daa kjem den megtuge, han som råder for alt; men den glinsfande myrke draken, *Nidhogg*, rømer undan og flyr burt yver vollen med lif paa vengjorne.



¹ Ygg-drafil tyder rædsil-hesten, galgen, som Odin liksom rid paa.

² I den eldste tidi var Valder ein solgud, og hans helferd vil segja, at soli gjeng fraa os um hausten. Seinare tenkte dei Valder var gud for det gode. Sameleis var Yggdrasil i den eldste tidi eit bilæte paa sfyerne, men seinare paa mannelivet.